

Avskil med skulen etter 42 år

21.06.2011



Dei avtroppande lærarane Ståle Eik og Bjørg Møyfrid Fredheim flankert av tidlegare rektor Vidar Haugland og kommunalsjef Asbjørn Skår

Lærarane ved skulen har i dag, på den siste skuledagen, teke avskil med to gode kolleger - Bjørg Møyfrid Fredheim og Ståle Eik.
Begge har vore i skulen i 42 år og dei vart varmt takka for innsatsen under ei samkome på Systrene Nilsen.
Der fekk Bjørg Møyfrid, som i dei siste to åra har vore klassestyrar for sjuandeklassingane, ei skikkeleg overrasking. Dei 7 elevane takka henne med eit flott program bestående av sketsj, dans og song.

Bjørg Møyfrid, som er frå Ljosnes, gjekk ut av lærarskulen i 1970 og kom til Uskedalen skule i 1986.
 Her har ho innimellom lærargjerninga oigså hatt større ansvar i eigenskap av rektorkar i to periodar. Ho forsikrar at ho aldri har angra på yrkesvalet. Hadde ho det, ville ho ikkje ha vore i skulen så lenge.
 - Det har vore veldig kjekt. Men det er lenge nok, seier ho men legg til at ho ikkje har bestemte planar for pensjonistlivet.
 - Eg kjem til å ta ein dag om gongen og til dømes reise meir enn før, seier ho.

Ståle har vore 31 år ved skulen i Uskedalen men i tillegg kjem dei siste 10 åra då han har dreve skule på eigen gard for elevar som trøg i alternativ. Den siste perioden har vore utruleg kjekk og meiningsfylt, oppsummerar Ståle.
 Han har samstundes vore gardbrukar, men kallar det ei hobby.
 - Og no blir du gardbrukar på heiltid?
 - Eg blir vel helst kårkall, ein som kan trø til hvis det er bruk for meg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen